

REKNESKAP 2015

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 2.704.878,06 og eit udisponert overskot på kr. 3.525.678,76

Driftsrekneskap

Inntekter

Driftsinntektene er på ca. 94,2 mill. kr, ein reduksjon på ca. 0,4% samanlikna med året før.

Utgifter

Driftsutgiftene ligg på ca. 92,9 mill.kr. noko som er ca 0,3 % høgare enn i 2014.

Einingane:

Resultat i høve budsjett (underskot med negativt forteikn)

	Rekneskap	Budsjett	Resultat
	2015	2015	2015
210 Stab/støtte	10 449 882,07	10 689 000,00	239 118,00
215 Kultur	739 025,22	855 000,00	115 975,00
220 Barnehage	4 593 905,81	4 439 500,00	-154 406,00
230/235 Undervisning/musikksk.	14 227 191,30	14 833 000,00	605 809,00
240 Helse & sosial	5 243 112,42	5 860 000,00	616 888,00
250 PLO	18 429 465,19	18 144 000,00	-285 465,00
270/280 Teknisk/landbruk	8 886 774,37	9 183 500,00	296 726,00

Einingane kom samla sett ut med eit overskot på drifta på 1.434.000,-. Kr. 927.000,- av dette skriv seg frå pensjonsutgiftene, der ein kom gunstig ut av aktuarberekninga i 2015.

For skulen sin del utgjør dette heile kr. 370.000,- i 2015.

I tillegg til «snille» pensjonsutgifter må ein også kunna sei at einingane har utført ein god budsjettkontroll i 2015.

Helse og sosial sitt store overskot skriv seg frå legetenesta, der ein ikkje kom i gang med legevaktsamarbeidet med Voss i 2015, i tillegg til at ein har hatt aukande inntekter.

For skulen skriv overskotet seg altså i hovudsak frå pensjon men også frå større inntekter enn budsjettert.

Pleie og omsorg kom ut med eit underskot på kr. 285.000,- som er langt mindre enn det ein frykta tidlegare på året. Bättre kontroll med lønsutgiftene og auka inntekter utover i året ligg til grunn for dette.

Brutto driftsresultat:

Er driftsresultat før finansrekneskapen: kr 1.289.104 som er ca. 1,4% av driftsinntektene.

Finansrekneskap

Resultatet av eksterne finanstransaksjonar er kr. -3.066.740,-, som er 1,2 mill. betre enn budsjettert. Hovudgrunnen til dette finn ein i avkastning på kraftfondet og på låge renter på låna.

Netto driftsresultat

Etter finanstransaksjonane kjem ein fram til netto driftsresultat på kr. 2.704.878,06.- som er 2,9 % av driftsinntektene.

Bruk og avsetjing til fond i driftsrekneskapen:

Det er brukt kr. 5.715.874,91.- av fond og avsett kr. 4.895.074,21.

Av bruken er kr. 1.137.823.- frå disp.fond og kr.3.162.527.- frå bundne fond og resten frå tidlegare års overskot.

Det er avsett kr. 3.188.618,91.- til disp.fond. Av dette er kr. 1.000.000 budsjettert overskotsavsetning og kr. 1.415.524.- udisponert overskot frå tidlegare år.

Avsetjing til bundne fond utgjør kr. 1.706.455,3.- Av dette er kr. 491.544 midlar frå 6 legat som vart avslutta i 2015 og midlane sett på fond for bruk innan kultur/musikk.

Rekneskapsmessig resultat

Resultatet etter avsetjingar og bruk av avsetjingar er kr 3.525.678,75 (rekneskapsmessig mindreforbruk)

Investering:

Det er i 2015 investert for kr. 14.915.154.- eks.mva.

Største investeringa har vore bygging av nytt skuletak med 6,7 mill., Flaumsikring Granvinselva med 1,3 mill og nye byggefelt med 4,2 mill.kr.

Soknerådet har fått overført kr. 1.450.000.- til bygging av nytt bårhus ved kyrkja.

Det er ikkje teke opp nye lån til investeringar i 2015. Alt av investeringane er eigenfinansiert, bortsett frå 1.250.000.- i overføring til soknerådet til nytt bårhus der det er nytta ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

Det er teke opp 5.0 mill. kr. i nye startlån i 2015.

Balansen:

Aktiva:

Sum egedelar er bokført pr. 31.12.2015 med kr. 330.801.033,82

Heradet hadde pr. 31.12.2015 kr. 18.736.424,54 i banken, og kr. 18.084.850.- plassert i ulike fond i finansmarknaden. Bokførte pensjonsmidlar er kr. 111.058.379.-

Passiva:

Lånegjelda utgjør pr. 31.12.2015 kr. 66.162.187.- og er auka kr.1.579.371.- frå året før. (Auken skuldast startlån som skal vidareformidlast)

Av lånegjelda er kr. 16.955.396.- startlån frå husbanken.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar er kr. 53.427.-. Berekna pensjonsansvar er kr 138.843.001,62

Sluttkommentar:

«Snille» pensjonsutgifter, gunstig rente på lån, bra avkastning i finansmarkedet, god skatteinngang og bra budsjettkontroll er alle element som gjer at resultatet i 2015 vert bra.

Arne Nedkvitne

Øk.sjef